

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag, 18.06.2010 kl. 14.10 i
Rådhuskjellaren**

SAKLISTE:

- Sak 12/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 11. mai 2010
- ” 13/10 - Årsmelding 2009 - Stranda kommune
- ” 14/10 - Kommunerekneskapen 2009 – Stranda kommune
- ” 15/10 - Stranda Hamnevesen KF – rekneskap 2009
- ” 16/10 - Strandafjellet KF – rekneskap 2009

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 11. mai 2010 kl. 1610
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Hildegunn Brune, Kari Johansen og Arne Ola Stavseng
= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte rådmann Ann Kristin Langeland.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 08/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 20. APRIL 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 20. april 2010 blir godkjent.

**SAK 09/10
FORVALTNINGSREVISJON I DEI KOMMUNALE FØRETAKA - MANDAT**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir gjort ein forvaltningsrevisjon i Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF opp i mot Lov om offentlige anskaffelser og anna regelverk, herunder § 7 i forskrift om revisjon.

SAK 10/10

**TILSYNSRAPPORT FRÅ HELSETILSYNET OM TILSYN MED
LEGEMIDDELBEHANDLING I SJUKEHEIM STRANDA KOMMUNE 2009**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 11/10

**BREV FRÅ RÅDMANNEN OM KLAGE FRÅ ØYSTEIN FJØRSTAD PÅ RADMANNEN SI
SAKSBEHANDLING**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.05.2010.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet finn ikkje å ville gå inn i denne saka. Forøvrig viser kontrollutvalet til fylkesmannen sit brev av 19.03.2010.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Arne Ola Stavseng
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
medlem
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 17.06.2010

**SAK 13/10
ÅRSMELDING 2009 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2009 – Stranda kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Stranda kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 18.06.2010

SAK 14/10
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – STRANDA KOMMUNE

Som vedlegg følgjer:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Stranda kommune
2. Stranda kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet viser til at fleire investeringsprosjekt manglar finansiering og vil presisere at det er kommunestyret sjølv som skal vedta investeringsprosjekta og finansieringa av desse.

Harald Rogne
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
18.06.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Kommunestyret
i Stranda kommune

REVISJONSMELDING 2009 – STRANDA KOMMUNE

Vi har revidert årsrekneskapen for Stranda kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 165 311 065,61 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 552 457,93. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Av investeringsrekneskapen går det fram at fleire prosjekt manglar finansiering. Etter kommunelova § 45 og gjeldande økonomireglement for Stranda kommune, skal kommunestyret sjølv vedta investeringsprosjekt og finansiering av desse.

Vi meiner at


- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Stranda kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett

Vår dato
18.06.2010

Vår referanse

- leinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Utan at det har innverknad på konklusjonen ovanfor, vil kommunerevisjonen peike at kommunerekneskapen for 2009 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 3 900 871,53. Netto driftsresultat er ein hovudindikator for mål på økonomisk balanse i kommunesektoren. Med negativt netto driftsresultat, er Stranda kommune avhengig av tidlegare avsette midlar for å finansiere drifta. Det vert vist til kommunelova § 46, nr. 6 som set krav om at det skal budsjetterast med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetningar.



Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 17.06.2010

SAK 15/10
REKNESKAP 2009 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2009 - Stranda Hamnevesen KF
2. Rekneskap 2009 – Stranda hamnevesen KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunestyret
i Stranda kommune


REVISJONSMELDING 2009 – STRANDA HAMNEVESEN KF


Vi har revidert særrekneskapen for Stranda Hamnevesen KF for rekneskapsåret 2009, som viser eit netto driftsresultat på kr 2 732 106,94 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 731 975,94. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Særrekneskapen er sett saman av ein driftsdel, investeringsdel, balanserekneskap, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Særrekneskapen er lagt fram av føretaket sin daglege leiar og styret. Vår oppgåve er å uttale oss om særrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at særrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i særrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimat, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av særrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av føretaket si formuesforvaltning og rekneskaps- og internkontroll-systema. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- Særrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for føretaket si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om rekneskapen er konsistente med særrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar


Knut Gunnar Alnes
registrert revisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 17.06.2010

SAK 16/10
REKNESKAP 2009 – STRANDAFJELLET KF

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2009 – Strandafjellet KF
2. Rekneskap 2009 – Strandafjellet KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Strandafjellet KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
18. juni 2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kommunestyret
i Stranda kommune


REVISJONSMELDING 2009 – STRANDAFJELLET KF

Vi har revidert særrekskapen for Strandafjellet KF for rekneskapsåret 2009, som viser eit netto driftsresultat på kr 150 919,50 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 150 919,50. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningar i årsmeldinga om særrekskapen. Særrekskapen er sett saman av ein driftsdel, balanserekneskap, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om særbudsjett, særrekskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Særrekskapen er lagt fram av føretaket sin daglege leiar og styret. Vår oppgåve er å uttale oss om særrekskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at særrekskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i særrekskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimat, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av særrekskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av føretaket si formuesforvaltning og rekneskaps- og internkontroll-systema. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- særrekskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for føretaket si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om særrekskapen er konsistente med særrekskapen og i samsvar med lov og forskrifter.


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar